



Arkivnr: 2015/71-29

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015

Prioritering av søknader om tilskot til statleg sikring av friluftsområder i Hordaland 2015 (kap. 1420 post 30)**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har ansvar for vurdering og prioritering av saker om statleg sikring av friluftsområde. Sakene vert endeleg avgjort i Miljødirektoratet. Føremålet med ordninga er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivelsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærområdet er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive.

I statsbudsjettet for 2015 under kap. 1420 post 30, statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, er det sett av kr 23,8 mill. til statleg sikring av friluftsområde. Miljødirektoratet si tilsegnspunkt er på kr. 55 mill.

Innan fristen 15. januar 2015 kom det inn fire godkjente søknadar. Fylkeskommunen skal sende søknadane vidare med ei tilråding innan 1. april. Miljødirektoratet skal gje melding til søker om utfallet innan 1. juli. Det er ingen klagerett. Miljødirektoratet sine føringer, regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008 ligg til grunn for vurderingane. I Hordaland ligg 76% av alle statleg sikra områder utanfor tettstader. Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstadar vert prioritert. Det vert og landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag eigna for fritidsfiske. Ordninga rettar seg særleg mot areal som blir eller vil bli intensivt nytta og som det bør leggjast til rette for friluftsføremål. Grøne korridorar og ferdsselsårer til friluftslivsområde er viktige for å auke bruk av eksisterande områder. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Ei av årsakene til at det er relativt få søknadar for 2015 er at Miljødirektoratet i 2014 opna for løpende sakshandsaming av sikringssøknadar til friluftsområder. Hordaland fekk god utteljing på denne ordninga med ei total tildeling på kr 5.460.970 til 16 friluftsområder i 6 kommunar. Sjå meldingssak 14/1126-24 til KURE 19.03.2015.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om å sikre dei 4 omsøkte friluftsområda i følgjande prioritert rekkefølge:

Friluftsområde	Kommune	Søkar	Søknadsbeløp
1. Løvstien gnr. 18, bnr. 353	Bergen	Grøn etat	176.530
2. Lyreneset gnr. 149, bnr. 18	Bergen	Grøn etat	34.090
3. Valøya gnr. 185, bnr. 2	Kvinnherad	Friluftsrådet Vest	60.000
4. Plassaholmen gnr. 75, bnr. 1	Bømlo	Friluftsrådet Vest	100.000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Vedlegg: Kart for dei fire friluftsområda

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.02.2015

Om ordninga

Miljødirektoratet forvaltar statlege økonomiske verkemidlar til sikring av område for friluftsliv. Hovudføremålet er å sikre ålmenta tilgang til friluftsområde og friluftsopplevelingar. Ordninga er eit viktig verkemiddel for å nå den overordna målsetjinga om å styrkja friluftslivet som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Areal vert først og fremst sikra gjennom bruk av plan- og bygningslova. Allemannsretten og friluftslova sitt vern gjer at det normalt ikkje skal vera naudsynt med offentleg rådvelde over arealet.

Miljødirektoratet peikar på følgjande oppgåver og forventningar til fylkeskommunen:

- Prioritere arbeidet med å sikre nye friluftslivsområde, i første rekke landfaste nærområde i strandsona og grøntområde i byar og tettstader, m.a. ved å leggja vekt på rettleiing og kompetanseheving rundt sikringsarbeidet i fylket.
- Stimulere kommunane til å fremje søknader om statleg økonomisk medverknad til sikring av friluftslivsområde.
- Sende over kommunane sine søknader om midlar til statleg sikring av friluftslivsområde til Miljødirektoratet, med faglege vurderinger og forslag til prioritering.
- Bidra til å sikre ålmenta tilgang til dei friluftsområda som forsvarer og andre statlege institusjonar ikkje lenger har bruk for som følgje av omstilling.
- Motivere kommunane til å gjennomføra vedtekne planar for grøn struktur og skogområde.
- Oppmøde alle kommunar om å kartleggja og verdsetja friluftslivsområde og grøn struktur i tettstader etter metodikken i Miljødirektoratet si handbok M-98-2013, og bidra til at denne kunnskapen vert nytta i arealplanlegginga.

Friluftsområda vert sikra ved at staten ved Miljødirektoratet skaffar seg rådvelde over arealet ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett. Eigedomsrett vert helst søkt erverva gjennom avtale om kjøp med grunneigar. Dersom semje ikkje vert oppnådd, kan ekspropriasjon vera aktuelt.

For regionale friluftslivsområde, der hovudtyngda av brukarane kjem/ventast å koma frå andre kommunar enn vertskommunen, kan staten medverka med inntil 100 % av sikringsutgiftene. For lokale friluftslivsområde, der brukarar i hovudsak kjem/ventast å koma frå vertskommunen, kan staten medverka med inntil 50 % av sikringsutgiftene.

Aktuelle søkjrar er kommunar, fylkeskommunar og interkommunale friluftsråd. Frivillige organisasjonar eller private einskildpersonar som ynskjer å ta initiativ til sikring av friluftsområde vert oppmøda om å kontakta kommune eller friluftsråd som eventuelt kan fremja søknaden. Innstillinga til Miljødirektoratet skal innehalda ei grunngjeven prioritering med utgangspunkt i eksisterande retningsliner og praksis. I Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/14 (Statsbudsjettet kap. 1420 post 30) legg vekt på følgjande moment for prioriteringa i 2015: *Statlege midlar vil særleg bli prioriterte ved sikring av areal i nærleiken av bustadområde som kan næast utan bruk av bil eller båt. Område som kan brukast av store folkegrupper, som til dømes allment tilgjengeleg grønstruktur i og ved byar og tettstader, er særleg prioriterte. Landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag har også høg prioritet, under dette område eigna for fritidsfiske. Søknader som er handsama og prioriterte i ein kommunal prosess etter plan- og bygningslova vil bli prioriterte. Dette aukar sjansane for at ulike interesser er ivaretekne og at sikring av friluftslivsområde skjer som ledd i ein plan for utvikling av friluftslivtilbodet i kommunen, og at ein regional eller nasjonal samanheng er vurdert. Ordninga rettar seg særleg mot areal som blir/vil bli intensivt nytta, og som bør leggjast til rette for friluftslivsføremål. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.*

Regionale planar og prioriteringar

I regional kulturplan for Hordaland (2015 – 2025) under pkt. 4.9 står det:

Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er Aktiv Kvar Dag. Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. I regional kulturplan under pkt. 5.9 «Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv», er det mellom anna gitt følgjande mål:

1. Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis, med særleg fokus på barn og ungdom.
2. Sikre og legge til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til nærmeste turløype.

Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2008 prosjektet "*Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland*". Dokumentet er ikkje juridisk bindande, men har som hovudføremål å vera ein reiskap for kommunar og regionale styresmakter i arealplanlegging, arealforvaltning og sakshandsaming. Arbeidet som er utført er ein gjennomgang av utmarksområda i fylket for å kartleggja viktige funksjonar og bruk for friluftslivet. Omsett til kategoriane i kommuneplanen vil det seia at det er F delen i LNF-områda som er nærmere omtala. Det er nyttå eit system for verdsetting basert på metodikk utvikla av Miljødirektoratet, tilpassa regionalt nivå. Kvar av dei kartlagde friluftsområda er vurdert slik at dei står fram med ein totalverdi etter følgjande gradering:

- a. Svært viktig friluftsområde der det ikkje bør skje inngrep eller utbygging.
- b. Viktig friluftsområde der det ikkje bør skje inngrep som fører til at funksjonen som friluftsområde vert forringa.
- c. Registrert friluftsområde der delar kan omdisponerast eller fortettast etter grundige vurderingar av rekreasjonsverdiane.

Miljødirektoratet starta i 2014 prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområder. Dette er eit tiltak som er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og regional kulturplan (2015 – 2025). Dette arbeidet skal bidra til at kommunane identifiserer, utviklar og ivaretak areal for friluftsliv. Det er eit særskilt fokus på tettstad- ogbynære friluftsområder som er særleg viktige element i folkehelsearbeidet. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt og versatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vert ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til friluftsområder.

Søknadar for 2015

I statsbudsjettet for 2015 under kap. 1420 post 30, statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, er det sett av kr 23,8 mill. til statleg sikring av friluftsområde. Miljødirektoratet si tilsegnssfullmakt er på kr 55 mill.

Innan fristen 15. januar 2015 kom det inn fire godkjente søknadar. Fylkeskommunen skal sende søknadane vidare med ei tilråding innan 1. april. Miljødirektoratet skal gje melding til søker om utfallet innan 1. juli. Det er ingen klagerett. Tilrådinga er bygd på Miljødirektoratet sine føringar, regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008. Omsynet til folkehelse er ein viktig premiss for ordninga og gjennomgåande omsyn ved prioriteringa. Areal i nærlieken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstadar vert prioritert. Landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag eigna for fritidsfiske har også priorititet. Ordninga rettar seg særleg mot areal som bli eller vil bli intensivt nyttå og som bør leggjast til rette for friluftsføremål. Grøne korridorar og ferdselsårer til friluftslivsområde er høgt prioritert. I tillegg er det viktig at tilgangen til friluftsliv og bruken av statlege midlar for å oppnå dette vert fordelt geografisk rettvist. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Ei av årsakene til at det er relativt få søknadar er at Miljødirektoratet i 2014 opna for løpende sakshandsaming av sikringssøknadar til friluftsområder. Hordaland fekk god utteljing på denne ordninga. Sjå meldingssak 14/1126-24 til KURE 19.03 2015.

Søknadar i Hordaland for 2015

Friluftsområde	Kommune	Søkar	Søknadsbeløp
Løvstien gnr. 18, bnr. 353	Bergen	Grøn etat	176.530
Lyreneset gnr. 149, bnr. 18	Bergen	Grøn etat	34.090
Valøya gnr. 185, bnr. 2	Kvinnherad	Friluftsrådet Vest	60.000
Plassaholmen gnr. 75, bnr. 1	Bømlo	Friluftsrådet Vest	100.000
		Total søknadssum	370.620

Under følgjer ei summering av søkjar si framstilling av dei enkelte friluftsområda med fylkesrådmannen si vurdering. Som vedlegg til saka ligg kart for kvar søknad med nærmere informasjon.

1. Løvstien, Bergen kommune

Grøn etat har søkt om delutbetaling av midlar til statleg sikring av gnr. 18, bnr.353 i Bergen kommune. Søknaden gjeld statleg støtte til erverv, inntil 50 % (lokal tyding) og vert søkt gjennomført ved inngåing av minneleg avtale. Bergen kommune står tinglyst som eigar av området.

Eigendommen inngår i deira sti-prosjekt Løvstien som ligg nedunder fjellet Løvstakken. Fleire eigedommar i dette området er tidlegare sikra med tanke på framføring av Løvstien. Området er eit nærområde med lokal tyding då det i hovudsak vil vere bebuarar i vestre del av sentrum som vil bruke Løvstien.

Grunngjevinga for sikring er intensiv bruk og behov for tilrettelegging.

I følgje søker er området eigna til:

- Leik og allsidige aktivitetar
- Sykling
- Tur – sommar og vinter
- Merka tur- og løopenett
- Turvegdrag
- Eigna for menneske med nedsett funksjonsevne
- Andre landbaserte friluftslivsaktivitetar

Oversikt over forventa utgifter til sikring	Beløp
Grunnpris	22.400
Kart- og delingsforretning	44.705
Tinglysingsgebyr inkl. dokumentavgift	1.075
Total kostnad	68.180
Søknadsbeløp	34.090

I følgje søker er eigedomen utan bygg og heftingar. Søkar tek på seg det formelle ansvaret for drift/tilsyn av området.

Fylkesrådmannen sin vurdering

Søknaden fyller grunnvilkåra for sikring. Fylkesrådmannen legg til grunn søker si skildring av natur- og friluftskvalitetane. Løvstakken er ein tilrettelagt turveg under utbygging. Løvstien følgjer fjellet Løvstakken i nesten fem kilometer. Dette er ein turveg og transportveg som vert universelt utforma, og som ligg i nærleiken til mange bustadområder for Bergen Øst. Området er eit nærfriluftsområde med særlege kvalitetar som til dømes aktivitetspunkt for barn, kulturminner, god utsikt og variert natur. Når Løvstien blir ferdig utarbeida med den heilskaplege tilrettelegging som skildra, er det rimeleg å tru at området vil bli mykje nytta av mange brukargrupper frå heile Bergen. I tillegg til dei reine natur- og friluftslivsomsyna ligg det difor til rette for at Løvstien kan verte ein viktig ressurs i folkehelsesamanhang.

2. Lyreneset, Bergen kommune

Grøn etat søker om midlar til statleg sikring av gnr. 149, bnr.1 i Bergen kommune. Søknaden gjeld statleg støtte til erverv, inntil 50 % (lokal tyding) og vert søkt gjennomført ved inngåing av minneleg avtale. Bergen kommune står tinglyst som eigar av området. Området har eit samla areal på 13781 kvadratmeter med status som regulert friområde. Området ligg om lag 300 meter frå nærmeste tettstad og få hundre meter frå ein hovudveg og er tilgjengeleg utan bil/båt til fots/sykkel og ved bruk av kollektiv transport.

Grunngjevinga for sikring er intensiv bruk og behov for tilrettelegging. Dette vert utdjupa slik: *Området vert brukt av skular, barnehagar og sportsfiskarar. Det er likevel behov for eit areal med sjøtilkomst på Laksevåg, og området vil med tilrettelegging vere veleigna som lokalt friområde.* I følgje søker er området eigna til:

- Bading og strandbaserte aktivitetar i saltvann
- Båt utfart i saltvann

- Fiske i saltvann
- Kulturattraksjon
- Leik og allsidige aktivitetar
- Tur – sommar og vinter
- Eigna for menneske med nedsett funksjonsevne
- Bær og sopplukking
- Andre landbaserte friluftslivsaktivitetar

Oversikt over forventa utgifter til sikring	Beløp
Grunnpris (antall m ² x kr 6,65 pr m ²)	91.651
Kart- og delingsforretning	44.035
Tinglysingsgebyr inkl. dokumentavgift	8.025
Erstatning for allereie opparbeida turvegar, trapper og kulturminner	208.349
Total kostnad	353.060
Søknadsbeløp	176.530

Det er ingen bygg på eigedommen og det ligg ikkje føre heftingar av noko slag. Søkar tek på seg forvaltaransvar.

Fylkesrådmannen si vurdering

Søknaden fyller grunnvilkåra for sikring. Fylkesrådmannen legg til grunn søkar si skildring av natur- og friluftskvalitetane. Området er eit attraktivt sjø/strandområde i Bergen kommune. Lyreneset er i dag mykje nytta og det er behov for tilrettelegging for å betre tilgjenge med fasilitetar. Laksevåg bydel har om lag 40 000 innbyggjarar. Lyreneset er lokalisert nær busettingsområde og vil vere å sjå som lett tilgjengeleg nærområde for eit høgt tal bebruarar i bydelen. Det er etter dette grunn til å prioritera området høgt som nærområde. Med gjennomføring av planlagde tiltak er det grunn til å rekna med at området vert meir attraktivt for alle samfunnsgrupper, mellom anna av menneske med nedsett funksjonsevne. Ved vurderinga vert det lagt vekt på at avtaler, etter det opplyste, alt er inngått og at kostnaden er låg sett opp mot dei fordelar som vert oppnådd.

3. Valøya, Kvinnherad kommune

Friluftsrådet Vest søker midlar til sikring av området Valøya gnr. 185, bnr. 2 i Kvinnherad kommune. Søknaden gjeld statleg servituttsikring med 100 prosent statleg finansiering. I følgje søker er området eit nærområde/dagsutfart/ferieområde av regional tyding då Valøya er eit mykje brukt tur- og båtfartsområde både for lokalsamfunnet, heile kommunen og regionen. Grunngevinga for sikring er intensiv bruk og behov for tilrettelegging. Dette vert utdjeta slik: *Friluftsområdet Valøya er allereie sikra. Denne søknaden gjeld midlar til å kjøpe seg vegrett til området og parkeringsplass. Den lokale vegen fra fylkesveg 48 til friluftsområdet er i privat eige.* Etter det opplyste er det no oppnådd semje med veglaget om vegrett med krav og pris for å nytte den omlag 750 meter lange vegen.

I følgje søker er området eigna til:

Parkeringsplass

- Bading og strandbaserte aktivitetar i saltvann
- Båt utfart i saltvann
- Fiske i saltvann
- Kulturattraksjon
- Leik og allsidige aktivitetar
- Sykling
- Tur – sommar og vinter
- Merka sti- og løopenett
- Turvegdrag
- Turmål
- Eigna for menneske med nedsett funksjonsevne
- Bær og sopplukking
- Andre landbaserte friluftslivsaktivitetar

I følgje søker er eigedomen utan bygg og heftingar. Søkar tek på seg det formelle ansvaret for drift/tilsyn av området.

Oversikt over forventa utgifter til sikring	Beløp
Grunnpris (antall m ² x kr pr m ²)	56.000
Tinglysingsgebyr inkl. dokumentavgift	2.000
Reiseutgifter, befaringer, møter	2.000
Total kostnad	60.000
Søknadsbeløp	60.000

Fylkesrådmannen sin vurdering

Søknaden fyller grunnvilkåra for sikring. Fylkesrådmannen legg til grunn søkar si skildring av natur- og friluftskvalitetane på Valøya. Området er eit attraktivt sjø-strandområde relativt sentralt i Kvinnherad kommune. Valøya er i dag mykje nytta og det er behov for tilrettelegging for å betre tilgjenge for fleire brukargrupper. Området ligg sentralt i indre båtleia i Sunnhordland og omlag 500 meter frå fylkesveg 48 som gir høve til å bruke kollektiv transport. Avstand til nærmaste tettstad er om lag 1 km.

4. Plassaholmen, Børnlo kommune

Friluftsrådet Vest søker om midlar til statleg sikring av gnr. 75, bnr. 1 i Børnlo kommune. Søknaden gjeld servituttsikring med 100 % statleg finansiering. Forhandlingar om ein minneleg avtale pågår og friluftsrådet tek sikte på at saka er gjennomført innan 01.06.2015. Plassaholmen er landfast og kan næast frå sjø og land. Søknaden gjeld tilrettelegging av parkeringsplass og sti til Plassaholmen. I søknaden vert området skildra som å ha stor lokal og regional bruk. Dette vert utdjupa med at heile øya Goddo er eit populært turområde på land, men også eit sær populært båt utfartsområde for heile regionen. Grunngjevinga for sikring er behov for tilrettelegging. Det vert særleg peikt på behov for parkeringsplass og sti til Plassaholmen for å betre tilkomsten for alle brukargrupper frå landsida.

I følgje søker er området eigna til:

- Arealet er parkeringsplass i tilknyting til friluftsområde
- Merka sti- og løpenett

Det er ingen bygg på eigedomen og eigedomen er fri for heftingar. Friluftsrådet Vest tek på seg forvaltaransvar for området.

Oversikt over forventa utgifter til sikring	Beløp
Grunnpris	25.000
Kart- og delingsforretning	2.500
Tinglysingsgebyr inkl. dokumentavgift	2.500
Infotavle	10.000
Grunnleggjande tilrettelegging av p-plass	50.000
Total kostnad	100.000
Søknadsbeløp	100.000

Fylkesrådmannen si vurdering

Søknaden fyller grunnvilkåra for sikring. Fylkesrådmannen legg til grunn søkar si skildring av natur- og friluftskvalitetane på Plassaholmen. Området er i dag mykje nytta for tur- og båt utfart, og det er behov for tilrettelegging for å betre tilgjenge. Området ligg sentralt til mellom ytre og indre båtleia og vert nytta både av lokale beboarar og sjøreisande frå heile regionen. Avstand til nærmaste tettstad er om lag 4 km. Parkeringsarealet er omlag 0,3 daa og stien ut til friluftsområdet er omlag 400 meter. Når Plassaholmen er ferdig utarbeidd med tilrettelegging som skildra, er det rimeleg å tru at området vil bli nytta av fleire brukargrupper. Tilgjengeligheten for fritidsfiske vil og auke.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen si vurdering er at alle dei fire søknadane ligg godt til rette innafor gjeldande retningsliner og at alle desse bør kunne etterkomast fullt ut. Ved prioritering mellom områda bør det tildelast midlar i den rekkefølge som går fram av forslag til vedtak. Løvstien i Bergen kommune er prioritert først då det er eit sær viktig, nesten ferdigstilt tilretteleggingstiltak som vil ha stor tydnad for nærområdet og for heile Bergen. Ved sikring og tilrettelegging av Lyreneset i Bergen kommune vil ein heil bydel få betre tilgang til sjøen i sitt nærmiljø, og såleis er området prioritert som nummer to. Valøya i Kvinnherad kommune er prioritert som nummer tre pga. at avtale om vegrett fram til det viktige friluftsområdet allereie er forhandla. Dette området ligg også nærmare ein tettstad enn Plassaholmen i Børnlo kommune. Avtale knytta til Plassaholmen er ikkje ferdig framforhandla.

I Hordaland er 23 av 33 kommunar medlem av eit friluftsråd. Friluftsråda har brei fagleg kompetanse og erfaring på friluftsfeltet, mellom anna knytt til statleg sikring. Det er ei utfordring at det ikkje ligg føre søknader frå kommunar som ikkje er tilslutta friluftsråd. Oppgåva med å stimulera kommunar til å fremja saker om sikring er ein del av forventninga til fylkeskommunen. Eit viktig tiltak er det i gangsette arbeidet med å kartlegge og verdisetje friluftsområder i kommunane. I samband med saksutgreiinga har også representantar for Fylkesmannen og Regionalavdelinga vore invitert til å kome med faglege innspel.